



Arkivnr: 2017/3726-2

Saksbehandlar: Tor Harald Rødseth

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for miljø og samferdsel		10.05.2017
Fylkesutvalet		23.05.2017

Høyring - søknad frå Norwegian Fjord Visjon om ruteløyve for strekninga Bergen - Voss - Flåm - Jostedalen

Samandrag

Samferdselsavdelinga har motteke til høyring søknad frå Norwegian Fjord Visjon om ruteløyve for strekninga Bergen – Voss – Flåm – Jostedalen. Søknaden skal behovsprøvast av Sogn og Fjordane fylkeskommune. Det er berre høve til å gjere dette mot annan rutetransport. Fullmakta til å gje fråsegn i saka ligg hjå fylkesutvalet. Fylkesrådmannen har ingen merknader til søknaden utover at lokaltransport i Hordaland berre bør finne stad etter avtale med Skyss.

Forslag til innstilling

Hordaland fylkeskommune ber om at det vert sett som vilkår for det omsøkte ruteløyve at lokaltransport i Hordaland berre skal finne stad etter avtale med Hordaland fylkeskommune ved Skyss. Utover dette har Hordaland fylkeskommune ikkje merknader til søknaden frå Norwegian Fjord Visjon om ruteløyve for strekninga Bergen – Voss – Flåm – Jostedalen.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør samferdsel

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 27.04.2017**Bakgrunn**

Samferdselsavdelinga har i brev av 19.04.17 motteke til høyring søknad frå Norwegian Fjord Visjon (NFV) om fylkesgrensekryssande ruteløyve for strekninga Bergen – Voss – Flåm – Jostedalen i Luster kommune. Søknaden skal behovsprøvast av Sogn og Fjordane fylkeskommune. Det er berre høve til å gjere dette mot annan rutetransport. Fullmakta til å gje fråsegn i saka ligg hjå fylkesutvalet.

Saksopplysningar

Høyringsfristen er sett til 10.05.17. Det har difor ikkje vore høve til å gjennomføre fylkesintern høyring i Hordaland.

Det er lagt opp til å køyre 1 dagleg tur-retur i månadene mai – september, og kvar laurdag i vinterperioden. Det er søkt om å starte drifta medio juni i år. Andre opplysningar om den planlagte drifta er ikkje førelagt Hordaland fylkeskommune.

Nesten heile strekninga, Bergen – Sogndalsfjøra vert i dag trafikkert av andre ekspressbussar med totalt 4 avgangar pr dag kvar dag unntake laurdagar då det er 2 avgangar. På strekninga Bergen – Arna tilbyr Skyss høgfrekvente bussavgangar, nokre avgangar vidare til Voss, og nokre lokalt i Vaksdal kommune. På strekninga Vossevangen – Gudvangen tilbyr Skyss opptil 7 daglege turar ved sidan av dei kommersielle rutene.

Vurdering

Fylkesrådmannen legg til grunn at den omsøkte ruta skal rettast mot turistar som ønskjer å reise langt, gjerne heilt til Jostedalen, og at det ikkje er lagt opp til å utføre lokaltransport i Hordaland. Av omsyn til inntektsgrunnlaget for Skyss sitt rutetilbod er det viktig at det ikkje vert opna for direkte konkurranse mot Skyss der Skyss har eit høgfrekvent rutetilbod. Utover dette har fylkesrådmannen ikkje merknader til søknaden. Fylkesrådmannen rår difor til at søknaden vert imøtekomen, på vilkår av at det ikkje vert utført lokaltransport i Hordaland utan etter avtale med Skyss.